

Årsmelding for Samstyret for Myrkdalen

Styret: Leif A. Lirhus (leiar), Asbjørn Tveite, Per Backer, Torill Årnot, Jorunn Hirth, Arne Bystøl, Lars Kn. Mørkve, Anne Marit Skjervheim/Maria Petterson.

Det har vore 11 styremøte gjennom året, og arbeidet har i hovudsak dreia seg om ”Landskapsark” prosjektet. På grunn av dette prosjektet måtte Samstyret registrerast i Brønnøysundregistra som organisasjon. Dette var eit krav frå Fylkesmannen for å få utbetalt dei løyvde midlane på 100000 kr for 2007.

28/6 vart Gudmund Furu innleigd som prosjektleiar for Landskapsarkparken gjennom sitt firma Furu Tenester AS. Før denne tida var Leif A. Lirhus prosjektleiar.

Styret har sett ned to arbeidsgrupper: ei for rydding, merking og tilrettelegging av stiar, og ei for kulturaktivitetar. Desse gruppene er åpne grupper der folk med idear og konkrete prosjekt kan delta. For å koma i gang med arbeidet i gruppene, leigde me inn Eli Karin Yndestad som kursa oss i korleis me skulle arbeida mot felles mål. Kurset gjekk over fem kveldar.

Eit resultat av arbeidet i gruppa for kulturaktivitetar var Myrkdalsdagen som vart gjennomført i strålande ver med mange besøkande.

Nedanfor finn du ei opplisting av det som har vore gjort i 2007:

Motiveringsmøte m. Ottar Mørkve og Dirk K. Tvedt	Haust –06
Tre personar var på studietur til Sveits	Mai –07
Laga til Myrkdalsdagen. Ny dag bestemt på evalueringsmøtet til 12. juli –08	7/7 –07
Studietur til øko-slakteriet Vikja og Finden gard. 30 deltakarar	2/9 -07
Har kome med innspel til kommunedelplanen for Myrkdalen. Fleire møte	Haust -07
Gjennomført ei kursrekke v/EKY-kompetanse over 5 kveldar	Vår og haust
Arb.gruppe sett ned for å rydda turstiar. Ansvarlege er peika ut! Gjerast til våren/sommaren. Stiane skal merkast av på kart som skal utjevast i ein info-foldar om Myrkdalen.	Vår – sommar –08.
Har søkt Innovasjon Noreg saman med Stalheim LP om stønad til å utvikla eit kort-tidsopplegg for turisme (Kort og Godt). Ventar på svar!	
Hadde info-stand på Bondekvinnelaget sin kafe ”Gamalt og godt”	21. okt –07
Hadde 3 stk møte saman m. Stalheim LP om opplegg for seminar her 12-14 oktober. Seminaret måtte avlysast pga. for liten påmelding. Nytt seminar planlagt til 23-24. mai.	
Har delteke på temakveld i Voss Fjellandsby om Utviklingsplan for Myrkdalen om Design som verkty i merkevarebygging	21. nov
Nettsida www.myrkdalen.org vert driven av Per Backer. Er omsett til engelsk og tysk. Han stod og bak kreativ rundballeannonse! (seinare og omsett til fransk)	Heile året

Januar 2008

Med vennleg helsing

Styret i Samstyret for Myrkdalen